



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Møtedato: 24.04.2024
Møtestad: Sølv garden hotell, Valle
Møtetid: kl 08.30 - 14.30
Tidsbruk: 6 timar
Førebuingstid: 2 timar

Møtedeltakarar	
Astrid Reiestad Førli	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Halvor Nyland	
Ivar Harry Dahl	
Janne Nøklund Haddeland	
Kai Åge Kristiansen	
Knut Hagen	
Laila Espedal	
Lill Synnøve Laugaland	
Roger Thorsland	
Sigmund Alfson Trydal	
Stein Ivar Sinnes	
Vibeke Kaalhaug	

Forfall meldt frå følgjande	
Gudny Anette Lofthus	
Johan Michael Malm	
Liv Irene Mandt Lindvig	
Iren Klungtveit Slagstad	

Følgjande varamedlemmar møtte	
Elisabeth Jerdal Løland	

Andre:

Før ordinært møte var det fellesmøte der villreinlaga i Setesdal Ryfylke, Setesdal Austhei og Våmur Roan var representert. Program og oversikt over innleiarar i «vår møte» er gitt nedanfor.

Møtesekretær:

Jarle Lunde

Godkjenning

Laila Espedal og Knut Hagen har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
008/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
009/24	Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar	
010/24	Meldingar	
011/24	Delegasjonssaker	
012/24	Behandling av "Setesdal Austhei villreinområde - Bestandsplan 2024-28"	
013/24	Behandling av "Setesdal Ryfylke villreinområde - Bestandsplan 2024-2026"	
014/24	Godkjenning av avskytingsplan 2024 for Setesdal Austhei villreinområde	
015/24	Godkjenning av avskytingsplan 2024 for Setesdal Ryfylke villreinområde	
016/24	Godkjenning av fellingskvote i 2024, Våmur-Roan villreinområde	
017/24	Eventuelt	

Tysdag 23. april

Arbeidsutvalet :

17.00 Saker jf. saklista

Villreinnemnda

20.00 Felles middag for Villreinnemnda med inviterte

Onsdag 24. april

Del 1. Innleiande presentasjonar

08.30: Norsk villreinsenter Sør v /Lena Romtveit
- Om villreinområda våre, utfordringar

09.15: Statsforvaltaren i Agder v/Therese Ramberg Sivertsen

Beinstrekk

09.45: Agder Fylkeskommunen v / Katrine Skajaa Gunnarsti
- Heiplanen

10.15: Statens naturoppsyn v/Guro Sødergren
- Nytt frå villrein fjellet

Beinstrekk

11.00: Våmur Roan villreinlag v/ Kjetil Vik
- Nytt frå villreinlaget

11.10: Setesdal Austhei villreinlag v /Svein Ekre
- Forslag til ny bestandsplan samt avskytingsplan for 2024

11.30: Setesdal Ryfylke villreinlag v /Kristian Eiken Olsen
- Forslag til ny bestandsplan samt avskytingsplan for 2024

12.00 Felles lunsj

Del 2. Saker for nemnda

13.00 Saker jf. saklista

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Sand, 03.05.2024

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Ingen merknad.
Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 008/24 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent slik ho ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
009/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

Forslag til vedtak

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 03.05.2024

Det skal veljast eit medlem som saman med leiar skal godkjenne møtebok, slik at denne er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Forslag: Laila Espedal
Samrøystes.

VRN - 009/24 Vedtak:

Laila Espedal blei valt til å skrive under møtebok saman med leiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
010/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Meldingar

Forslag til vedtak

Sakene blir teke til orientering

Sand, 03.05.2024

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
1	Ber om strakstiltak for å lette tilhøva for villreinen
2	Tilskudd til villreintiltak og lokale vilttiltak
3	Økonomi i nemnda
4	Møtereferat Villrein - og melding om oppstart vedlikehaldsarbeid på veg

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**Handsaming:**

1. Det har vore ein vanskeleg vinter for villreinen i nordområda, særleg omkring Hovden. Jarle Lunde og Sigmund Trydal orienterte om tiltak som har vore gjennomført,
2. Therese Ramberg Sivertsen (Statsforvaltaren i Agder) orienterte om tilskott til villreinlaga (tellingar og utarbeiding av bestandsplan/avskytingsplan)
3. Therese Ramberg Sivertsen orienterte om status for økonomien til villreinnemnda. Det må søkast om ekstra midlar.
4. Jarle Lunde orienterte frå eit møte med Hydro der ein kom fram til rutinar i forhold til villreinen i samband med damrehabilitering ved Vasstøl og Finnabu i Suldal. Dette etter pålegg frå NVE.

VRN - 010/24 Vedtak:

Sakene blir teke til orientering

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Delegasjonssaker

Forslag til vedtak

Sakene blir teke til orientering

Sand, 03.05.2024

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
005/24	Høringsuttale til detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Finnabu, Suldal kommune. NVE ref. 202404405

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 011/24 Vedtak:

Sakene blir teke til orientering

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/113

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024
018/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.04.2024

Behandling av "Setesdal Austhei villreinområde - Bestandsplan 2024-28"

Forslag til vedtak

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt kan Villreinnemnda for Setesdalsområdet ikkje godkjenne bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2024-2028 slik den føreligg. Planen må omarbeidast.

Som eit minimum må bestandsmål endrast slik at dei er i tråd med anbefalingar sett i forhold til CWD-situasjonen. Kvalitetsnorm for villrein må implementerast i planen, og gjerne i måla.

Villreinnemnda meiner ein også bør arbeida vidare med planen sett i lys av vårt brev datert 07.04.2024.

Vidare behandling i villreinlaget bør skje i dialog med villreinnemnda. Revidert utgåve behandlast på haustmøte i villreinnemnda som pr dags dato er planlagt 25.10.2024.

Bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2019-2023 gjeld fram til ny bestandsplan er vedtatt.

Sand, 03.05.2024

Vedlegg:

Bestandsplan SA 24-28 - revidert

Innspel til utkast til Bestandsplan for Setesdal Austhei

Arbeidet med nye bestandsplanar for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde

Anbefalinger for bestandsforvaltningen for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke i

forbindelse med nye bestandsplaner

Saka

Setesdal Austhei Villreinlag (SAVL) har utarbeida ny bestandsplan. I tråd med § 27 i hjorteviltforskrifta er det villreinnemnda som skal godkjenne denne. Nemnda skal sjå til at bestandsplanen tilfredsstiller alle formelle krav i forskrifta, og at den bidrar til ein forsvarleg og fornuftig forvaltning av villrein i villreinområdet. I første ledd i § 27 er det fastsett minimumskrav til kva ein bestandsplan skal innehalde.

Dersom villreinnemnda av faglege eller juridiske grunner ikkje kan godkjenne bestandsplanen slik den er foreslått av villreinutvalet, skal planen sendes tilbake med moglegheit for omarbeiding på dei punkta som nemnda ikkje kan godta.

Innhald i ny bestandsplan

Under blir samandrag med målsettingar sitert. Det blir elles vist til planen i sin heilheit.

I planen gjennomgås bestandsstatus og grunnlaget for målsettinger i en ny planperiode diskuteres. Den nåværende situasjonen med trussel om CWD-smitte vil vi hvert år forholde oss i den årlige avskytingsplanen. De mer langsiktige målsettingene i bestandsplanen vil være uavhengige av CWD-trusselen og opprettholdes fra forrige plan. Utkast til planen har vært til gjennomgang hos styremedlemmene. For den nye planperioden, 2024 - 2028, er det definert følgende målsettinger.

Hovedmål: Villreinbestanden i Setesdal Austhei villreinområde skal holdes på et nivå som ikke reduserer beitegrunnlaget og forvaltes på en måte som gir sunne og livskraftige dyr.

Delmål bestandsstørrelse: Vinterbestanden i Setesdal Austhei skal i planperioden økes opp mot 1500 vinterdyr.

Delmål storbukandel: Storbukkandelen i Setesdal Austhei skal holdes på minst 20%

I planperioden vil det bli utarbeidet årlige avskytingsplaner. Disse vil bygge på eksisterende kunnskap om bestandsutviklingen og utformes slik at målene i bestandsplanen kan oppnås. I dagens situasjon med fare for CWD-smitte må det også tas hensyn til dette.

Utarbeiding av planen

Styret i Setesdal Austhei villreinlag har vært ansvarleg for utarbeidinga av planen. Jerstad Viltforvaltning har vært innleidd som fagleg bistand i prosessen.

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 (vedlegg) kjem Miljødirektoratet med anbefalinger for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn at det framleis er stor usikkerheit når det gjeld førekomsten av skrantesjuke (CWD) på Hardangervidda og omkringliggande villreinområde. «Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»

Dette er «særlig viktig i de nordlige områdene hvor det årvisst er dyr som benytter områder innenfor Hardangervidda. Dette anses som viktig fordi voksne bukker er høy-risiko dyr med tanke på smitte, og bukker representerer en større risiko for kryssing til og fra Hardangervidda.»....

«Med lav bukkeandel kan den lokale forvaltningen ta utgangspunkt i at voksen bukk (2,5+) ikke bør overstige 10 % av bestandssammensetningen».

Forventninger og innspel til planen

Arbeidsutvalet i nemnda kom me anbefalingar/forventningar til planen i brev datert 01.03.2024 (vedlegg). Det blei seinare gitt innspel til mottatt utkast til planen, datert 07.04.2024 (vedlegg). Nokre innspel er svara ut i framlagt bestandplan.

Vurdering

I bestandsplanen kjem det fram at me i starten på denne planperioden har ein god oversikt i forhold til bestandsstorleik og struktur. Og kvaliteten på dyra er god. Det er bra.

Forskrifta stiller nokre minimumskrav til kva ein bestandsplan skal innehalde. Den skal ha mål for bestandsstorleik og utvikling, årleg avskytingsplan fordelt på alder og kjønn, oversikt over kva bestandsdata som skal samlast inn, og kva tiltak som er planlagt gjennomført. Bestandsplanen som skal behandlast omtalar alle desse tema, i meir eller mindre grad.

Målsettinga frå tidlegare plan blir vidareført. I delmåla heiter det at ein skal auke bestanden og at ein skal ha ein høg delpart med storbuk. Dette er ikkje i tråd med gitte anbefalingar frå Miljødirektoratet som visar til CWD-situasjonen og tiltak i forhold til denne.

Det går fram av bestandsplanen at desse omsyna skal ein ta, ikkje i måla, men i den årlege avskytingsplanen. I praksis vil det bety at ein må dispensera frå måla frå første dag. Og få trur me har ei snarleg løysing på CWD-problematikken.

Det synes derfor ikkje å vere usemje om at CWD-situasjonen må gi føringar for bestandsforvaltninga, det kjem berre ikkje til uttrykk i måla som er sett.

Delmål kunne kanskje vore:

- *På grunn av CWD-situasjonen skal bestanden ikke økast i planperioden, dvs at en holder stammen på ca 1200 vinterdyr. Et langsiktig mål uten CWD-problematikk er 1500 vinterdyr.*
- *På grunn av CWD-situasjonen skal andelen voksen bukk (2+) reduseres ned mot 10 % i planperioden. Et langsiktig mål uten CWD-problematikk er at storbukandelen skal holdes på minst 20%.*

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke i 2020 og Setesdal austhei blei klassifisert i 2022.

Norma skal fungere som ei rettesnor. I bestandsplanen er det nemnd at Setesdal Austhei kjem ut i moderat tilstand, men ikkje kvifor. Eit langsiktig mål bør vere å oppnå god tilstand etter kvalitetsnorma, samstundes som bestand er opp mot områdetets bereevne.

Det skjer mykje i norsk villreinforvaltning, og mykje er pr dags dato uoversiktleg. CWD-situasjonen er uavklart, men vil truleg vere del av bestandsforvaltninga i lang tid framover. Med bakgrunn i dette meiner sekretariatet at bestandsplanen bør lagast for ein kortare periode enn 5 år.

Generelt saknar sekretariatet ei meir strukturert evaluering av førre planperiode. Blei måla nådd? Blei riktig mengde og kategori felt? Fungerer jakta på ein god måte? Det er ikkje noko krav til dette i forskrifta, men det hadde betra heilskapen i planen.

Det same gjeld mange av punkta som blei spelt inn til første planutkast, blant anna:

- Kva skal ein gjere i planperioden innafor bestandsforvaltninga for å bidra til at villreinen får betre kår?
- Kva tiltak i utkast til tiltaksplan vurdere villreinlaget rettighetshaverne og jegerar kan bidra med?
- Korleis vil laget drivast i forhold til informasjonsverksemd, samarbeid med andre m.m.?
- Er det eit problem at dyra ser ut til å bruke sørområdet i ein mindre del av året enn tidlegare? Kva konsekvensar får dette for bestandsforvaltninga?
- Er det eit problem at dyr blir felt når dei kjem ut i randområda og potensielle tradisjonsberarar forsvinn?

Sekretariatet har vore i tvil om tilrådinga i denne saka. Det har vore vurdert å leggje fram eit forslag til vedtak der ein godkjenner planen, men endrar mål til å vere i tråd med miljødirektoratet sine tilrådingar, samt å omgjere planen til å gjelde for 3 år.

Etter ei vurdering har ein kome til at det vil vere betre å ikkje godkjenne planen no og behandle ei revidert bestandsplan til hausten.

23.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 018/24 Vedtak:

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt kan Villreinnemnda for Setesdalsområdet ikkje godkjenne bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2024-2028 slik den føreligg. Planen må omarbeidast.

Som eit minimum må bestandsmål endrast slik at dei er i tråd med anbefalingar sett i forhold til CWD-situasjonen. Kvalitetsnorm for villrein må implementerast i planen, og gjerne i måla.

Villreinnemnda meiner ein også bør arbeida vidare med planen sett i lys av vårt brev datert 07.04.2024.

Vidare behandling i villreinlaget bør skje i dialog med villreinnemnda. Revidert utgåve behandlast på haustmøte i villreinnemnda som pr dags dato er planlagt 25.10.2024.

Bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2019-2023 gjeld fram til ny bestandsplan er vedtatt.

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte blei det gitt ein presentasjon av villreinlaget sitt utkast til Bestandsplan, samt laget sin årsmøtevedtak.

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 012/24 Vedtak:

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt kan Villreinnemnda for Setesdalsområdet ikkje godkjenne bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2024-2028 slik den føreligg. Planen må omarbeidast.

Som eit minimum må bestandsmål endrast slik at dei er i tråd med anbefalingar sett i forhold til CWD-situasjonen. Kvalitetsnorm for villrein må implementerast i planen, og gjerne i måla.

Villreinnemnda meiner ein også bør arbeida vidare med planen sett i lys av vårt brev datert 07.04.2024.

Vidare behandling i villreinlaget bør skje i dialog med villreinnemnda. Revidert utgåve behandlast på haustmøte i villreinnemnda som pr dags dato er planlagt 25.10.2024.

Bestandsplan for Setesdal Austhei villreinområde 2019-2023 gjeld fram til ny bestandsplan er vedtatt.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/113

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024
019/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.04.2024

Behandling av "Setesdal Ryfylke villreinområde - Bestandsplan 2024-2026"

Forslag til vedtak

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Villreinnemnda for Setesdalsområdet bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2024 – 2026. Planen oppfyller krava i forskrifta.

Sand, 03.05.2024

Vedlegg:

Bestandsplan 2024_2026

Anbefalinger for bestandsforvaltningen for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke i forbindelse med nye bestandsplaner

Arbeidet med nye bestandsplanar for Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde

Saka

Setesdal Ryfylke Villreinlag (SRV) har utarbeida ny bestandsplan. I tråd med § 27 i hjorteviltforskrifta er det villreinnemnda som skal godkjenne denne. Nemnda skal sjå til at bestandsplanen tilfredsstiller alle formelle krav i forskrifta, og at den bidrar til ein forsvarleg og fornuftig forvaltning av villrein i villreinområdet. I første ledd i § 27 er det fastsett minimumskrav til kva ein bestandsplan skal innehalde.

Dersom villreinnemnda av faglege eller juridiske grunner ikkje kan godkjenne bestandsplanen slik den er foreslått av villreinutvalet, skal planen sendes tilbake med moglegheit for omarbeiding på dei punkta som nemnda ikkje kan godta.

Innhald i ny bestandsplan

Stikkordsmessig blir følgjande omtalt i planen:

- Status i bestandsforvaltninga m/evaluering
- Organisering av laget og økonomisk grunnlag
- Virkemidlar og registreringar
- Bestandsdata
- Forvaltningsmål

For den nye planperioden er det satt følgjande hovud- og delmål:

Hovedmål: Bestandsforvaltninga av villreinen i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til en villreinbestand som oppleves bærekraftig i antall. Bestandsforvaltningen skal bidra til at man med stor sannsynlighet kan si at vi har en CWD-fri villreinbestand i Setesdal Ryfylke. Et langsiktig mål er å komme ut som god i Miljøkvalitetsnormen, samtidig som stammestørrelsen ligger opp imot områdets bæreevne.

Delmål bestandsstørrelse: Antall villrein i nordområdet skal stabiliseres på ca. 1200 dyr. Antall villrein i sørområdet skal økes fra antatt 570 dyr vinteren 2023-2024 til ca. 1000 dyr.

Delmål kondisjon: Kondisjon og kalvetilvekst skal holdes innenfor kategorien god etter Kvalitetsnorm for villrein.

Delmål bestandsstruktur: Andelen eldre bukk (2 år og eldre) skal reduseres ned mot 10 % i løpet av planperioden.

Utarbeiding av planen

Styret i SRV har vært ansvarleg for utarbeidinga av planen. Kurt Jerstad (Jerstad Viltforvaltning), har utarbeidd bestandsanalysen. Planen er skrivi av Kurt Jerstad, leder av villreinlaget Kristian Eiken Olsen og SRV's sekretær Svein Olav Stegarud. Utarbeidinga har skjedd i nært samarbeid med styret.

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 (vedlegg) kjem Miljødirektoratet med anbefalinger for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn at det framleis er stor usikkerheit når det gjeld førekomsten av skrantesjuke (CWD) på Hardangervidda og omkringliggende villreinområde. «Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav

bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»

Dette er «særlig viktig i de nordlige områdene hvor det årvissst er dyr som benytter områder innenfor Hardangervidda. Dette anses som viktig fordi voksne bukker er høy-risiko dyr med tanke på smitte, og bukker representerer en større risiko for kryssing til og fra Hardangervidda.»....

«Med lav bukkeandel kan den lokale forvaltningen ta utgangspunkt i at voksen bukk (2,5+) ikke bør overstige 10 % av bestandssammensetningen».

Forventningar og innspel til planen

Arbeidsutvalet i nemnda kom me anbefalingar/forventningar til planen i brev datert 01.03.2024 (vedlegg).

Det blei halde dialogmøte mellom AU i nemnda og styret i villreinlaget 2.april.

Vurdering

Forskrifta stiller nokre minimumskrav til kva ein bestandsplan skal innehalde. Den skal ha mål for bestandsstorleik og utvikling, årleg avskytingsplan fordelt på alder og kjønn, oversikt over kva bestandsdata som skal samlast inn, og kva tiltak som er planlagt gjennomført. Bestandeplanen som skal behandlast omtalar alle desse tema. I tillegg blir nye utfordringar, moglege tiltak og verkemiddel beskrive.

Hovudintrykket er at dette er eit grundig og godt gjennomarbeida dokument. Ein svakheit er at det «hersker uenighet innad i villreinlaget om dyretallet, særlig i sørområdet.» Det blir derfor særst viktig å få gode tellingar så fort som råd, og deretter å eventuelt justere kvotar i kommande avskytingsplanar.

I førre planperiode var dei konkrete måla ein vinterbestand på ca. 2000 dyr i nord og ca. 2000 dyr i sør, samt at delen med storbukkom opp imot 25 %. Dei nye måla er endra og tek utgangspunkt i bestandsdata, Miljødirektoratet sine anbefalingar grunna med CWD-situasjonen, og kvalitetsnorm for villrein.

Det skjer mykje i norsk villreinforvaltning, og mykje er pr dags dato uoversiktleg. CWD-situasjonen er uavklart, men vil truleg vere del av bestandsforvaltninga i lang tid framover. Med bakgrunn i dette meiner sekretariatet at det er eit smart val å gå frå tidlegare femårig plan til ein treårig.

Når dette skrivast er planen ikkje behandla av årsmøte i villreinlaget. Dette skjer dagen før villreinnemnda skal gjere sitt vedtak. Korleis behandlinga blei i årsmøte vil bli lagt fram munnleg for villreinnemnda. Dette må bli teke med i nemnda si endelege behandling.

23.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 019/24 Vedtak:

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Villreinnemnda for Setesdalsområdet bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2024 – 2026. Planen oppfyller krava i forskrifta.

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte blei det gitt ein presentasjon av villreinlaget sitt utkast til Bestandsplan, samt laget sin årsmøtevedtak.

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 013/24 Vedtak:

Med heimel i § 27 i forskrift om forvaltning av hjortevilt, godkjenner Villreinnemnda for Setesdalsområdet bestandsplanen for Setesdal Ryfylke villreinområde 2024 – 2026. Planen oppfyller krava i forskrifta.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/486

Saksnr	Utval	Type	Dato
014/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024
020/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.04.2024

Godkjenning av avskytingsplan 2024 for Setesdal Austhei villreinområde

Forslag til vedtak

I tråd med hjorteviltforskrifta §28 fastsett villreinnemnda eit minsteareal på 2000 dekar i sone sone 1 (Bykle, Tokke, Vinje og Valle kommune), og 7500 dekar i sone 2 (Fyresdal, Åmli og Bygland kommune). Dette gir ei samla kvote på om lag 761 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Austhei villreinområde. Fordeling av kort blir slik:

Frie dyr:	20 %
Simle:	35 %
Kalv:	45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sitt forslag til avskytingsplan for 2024.

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøvar av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Sand, 03.05.2024

Vedlegg:

Bestandsplan SA 24-28 - revidert

Saka

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggast til grunn.

Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette.

Forslag til avskytingsplan er utarbeida av Jerstad Viltforvaltning og styret i Setesdal Austhei villreinlag (SAVL) og vedteke i villreinlaget sitt årsmøte 15.04.2024.

Mål i bestandsplan

I utkast til bestandsplan for 2024-2028 (eiga sak) heiter det:

«Den nåværende situasjonen med trussel om CWD-smitte vil vi hvert år forholde oss i den årlige avskytingsplanen. De mer langsiktige målsettingene i bestandsplanen vil være uavhengige av CWD-trusselen og opprettholdes fra forrige plan.»

Målsetting i planen:

Hovedmål: Villreinbestanden i Setesdal Austhei villreinområde skal holdes på et nivå som ikke reduserer beitegrunnlaget og forvaltes på en måte som gir sunne og livskraftige dyr.

Delmål bestandsstørrelse: Vinterbestanden i Setesdal Austhei skal i planperioden økes opp mot 1500 vinterdyr.

Delmål storbukkandel: Storbukkandelen i Setesdal Austhei skal holdes på minst 20%

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 kjem Miljødirektoratet med anbefalingar for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn at det framleis er stor usikkerheit når det gjelder førekomsten av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og omkringliggande villreinområde. *«Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»*

Dette er «særlig viktig i de nordlige områdene hvor det årvisst er dyr som benytter områder innenfor Hardangervidda. Dette anses som viktig fordi voksne bukker er høy-risiko dyr med tanke på smitte, og bukker representerer en større risiko for kryssing til og fra Hardangervidda.»....

«Med lav bukkeandel kan den lokale forvaltningen ta utgangspunkt i at voksen bukk (2,5+) ikke bør overstige 10 % av bestandssammensetningen.»

Direktoratet understrekar at det er viktig å få tatt så mange CWD prøvar som mogleg av villrein som er eit år og eldre.

Tilråding frå villreinlaget

Forslag til avskytingsplan inneheld ein del fakta og føresetnadar som er lagt til grunn for foreslått kvote for 2024. Dette er hovudpunkta:

- *Det legges til grunn at bestanden denne vinteren er snaut 1200 dyr.*
- *Ved kalvetellingen sist sommer ble det funnet 198 kalver. Det ble felt 218 dyr. Vi har altså skutt litt mer enn den dokumenterte tilveksten.*

- Vi legger til grunn at kalveproduksjonen blir like lav i år som i 2023, (35 kalv per 100 simle/ungdyr). Det blir da en produksjon i 2024 på ca 250 kalver.
- Det antas da at jaktuttaket i 2024 vil medføre en stabil bestandsstørrelse til neste år.
- Det legges til grunn at storbukandelen er 10-12%. Dette er betydelig lavere enn målsettingen om minst 20%.
- For å redusere faren for å få CWD-smitte inn i området, og samtidig få en del CWD-prøver, opprettholdes likevel andel fridyrkort.
- Forventet felling settes til 30% for nordområdet og 5% for sørområdet.
- Kortfordelingen settes lik i hele området, men minstearealet settes forskjellig i nord og sør

Minstearealet aukast noko frå 2023 og er foreslått til 2,0 km² i nord og 7,5 km² i sør (Fyresdal, Bygland, Åmli). Dette gir ein kvote på om lag 761 dyr og ein forventa felling på 190 dyr. Dette vil truleg medføre at bestanden blir stabil eller aukar noko.

Kortfordeling: Frie dyr: 20 %, simle: 35 %, kalv: 45 %

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynd.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understrekast at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god ledetråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulik fellingsuksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i gjeldande bestandsplan. Som omtalt er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år. Det er og sentralt å sjå saka i forhold til CWD-situasjonen.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

Føreslått kvote

Dyr frå Setesdal Austhei har historisk kunne vandre mellom dei ulike villreinområda. I dag er utveksling vanskeleggjort på grunn av vandringsbarrierar, men enno er det noko utveksling. Desse dyra kan teoretisk komme til Hardagervidda, særleg bukk.

Som ein del av strategien i forhold til skrantesjuka (CWD) er lokal villreinforvaltning oppmoda om eit høgt uttak av vaksen bukk, men og ha redusert bestandsstorleik samanlikna med ein normalsituasjon. Tiltaka er viktigare jo nærare Hardangervidda ein er. Det er sidan 2021 lagt opp til ein betydeleg auke i fellingsløyve i Setesdal Austhei. Dette har resultert i auka uttak av dyr, og auka felling av vaksen bukk har vore høgare enn tidlegare. Ein følgjer opp dette i 2024. Riktig nok reduserer ein kvota noko i frå 2023, men samstundes er det grunn til å tru at kalveproduksjonen kan bli låg i 2024 slik den også var i 2023. Dette grunna vanskeleg vinterbeite.

Sekretariatet tilrår at nemnda godkjenner forslag til kvote.

Forventning om CWD-prøver

Det er eit stort fokus på skrantesjuka. Det er særst viktig at ein no tek så mykje CWD-prøvar som mogleg. I tabellen under viser talet på helseprøvar samanlikna med det potensielle (ønskjelege) talet på prøvar som er felte dyr 1 år og eldre. Her går det fram at Setesdal Austhei har auka talet på prøvar sidan 2020, men med ein dupp sist haust. Det kan vere feilkjelder i dette talmaterialet, men det indikerer at det er eit stykke til målet på 100 %. Ein må intensivera innsatsen for at fleire prøvar blir tatt.

	2020	2021	2022	2023
Setesdal Ryfylke	48 % (102 av 212)	78 % (218 av 278)	82 % (212 av 258)	75 % (147 av 197)
Setesdal Austhei	48 % (29 av 60)	63 % (85 av 134)	74 % (123 av 167)	68 % (111 av 163)
Våmur Roan	50 % (11 av 22)	71 % (20 av 28)	29 % (6 av 21)	100 % (6 av 6)

Talet på helseprøvar frå jakt sett i forhold til felte dyr 1 år og eldre (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Forventning om veging av kalv

Eit av kriteria i klassifiseringa i kvalitetsnorm for villrein er kalvevekt. Det er derfor viktig at kalv blir vegne og at dette blir rapportert. I følgje Hjorteviltregisteret var det ein nedgang i rapportert felte kalv i Setesdal Austhei i 2023 frå året før. Og det er langt frå 100 % som bør vere målet.

	2020	2021	2022	2023
Setesdal Ryfylke		58 % (66 av 114)	79 % (82 av 104)	66 % (36 av 54)
Setesdal Austhei		44 % (21 av 48)	71 % (51 av 72)	65 % (36 av 55)
Våmur Roan		85 % (11 av 13)	95 % (19 av 20)	100 % (3 av 3)

Talet på kalv som er vegne og rapportert sett i forhold til felt kalv (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Nemnda har ikkje noko heimel for å kunne krevje at CWD-prøve blir teke eller at kalvar blir vegne. Ein kan likevel oppfordra villreinlag og valdansvarleg om å gjere tiltak. Informasjon (og krav) til jegeren er her eit nøkkelpunkt.

23.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 020/24 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta §28 fastsett villreinnemnda eit minsteareal på 2000 dekar i sone sone 1 (Bykle, Tokke, Vinje og Valle kommune), og 7500 dekar i sone 2 (Fyresdal, Åmli og Bygland kommune). Dette gir ei samla kvote på om lag 761 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Austhei villreinområde. Fordeling av kort blir slik:

Frie dyr:	20 %
Simle:	35 %
Kalv:	45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sitt forslag til avskytingsplan for 2024.

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka
- talet på CWD-prøvar av felte vaksne villrein

- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte blei det gitt ein presentasjon av villreinlaget si tilråding av kvote.

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 014/24 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta §28 fastsett villreinnemnda eit minsteareal på 2000 dekar i sone sone 1 (Bykle, Tokke, Vinje og Valle kommune), og 7500 dekar i sone 2 (Fyresdal, Åmli og Bygland kommune). Dette gir ei samla kvote på om lag 761 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Austhei villreinområde. Fordeling av kort blir slik:

Frie dyr:	20 %
Simle:	35 %
Kalv:	45 %

Kvota er i samsvar med Setesdal Austhei villreinlag sitt forslag til avskytingsplan for 2024.

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøvar av felte vaksne villrein

- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/486

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024
021/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.04.2024

Godkjenning av avskytingsplan 2024 for Setesdal Ryfylke villreinområde

Forslag til vedtak

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 4.0 km² i nordområdet og 40.0 km² i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 587 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	0%	40 %	0	20 %	40 %
Sør	100%	0%	0%	0%	0%

Nemnda legg til grunn at det må om søkast om dispensasjon frå § 29 i hjorteviltforskrifta, og at det blir gitt løyve, til å fordele kort på kategorien «Bukk» i staden for «Valfritt dyr».

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøvar av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Nemnda vil og oppmoda til å avslutte jakta i sørområdet 15.september.

Sand, 03.05.2024

Vedlegg:

Forslag Avskytningsplan 2024

080424 Alternativ avskytningsplan Setesdal Ryfylke villreinlag 2024

Saka

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årleg fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldande bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggest til grunn.

Med funnet av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og i Nordfjella villreinområde er villreinforvaltninga i ein unormal situasjon. Kvotar må sjåast på i lys av dette.

Mål i bestandsplan

I utkast til bestandsplan for 2024-2028 (eiga sak) er det satt følgende hovud- og delmål:

Hovedmål: Bestandsforvaltninga av villreinen i Setesdal Ryfylke skal i planperioden bidra til en villreinbestand som oppleves bærekraftig i antall. Bestandsforvaltningen skal bidra til at man med stor sannsynlighet kan si at vi har en CWD-fri villreinbestand i Setesdal Ryfylke. Et langsiktig mål er å komme ut som god i Miljøkvalitetsnormen, samtidig som stammestørrelsen ligger opp imot områdets bæreevne.

Delmål bestandsstørrelse: Antall villrein i nordområdet skal stabiliseres på ca. 1200 dyr. Antall villrein i sørområdet skal økes fra antatt 570 dyr vinteren 2023-2024 til ca. 1000 dyr.

Delmål kondisjon: Kondisjon og kalvetilvekst skal holdes innenfor kategorien god etter Kvalitetsnorm for villrein.

Delmål bestandsstruktur: Andelen eldre bukk (2 år og eldre) skal reduseres ned mot 10 % i løpet av planperioden

Anbefaling frå Miljødirektoratet

I brev datert 24.01.2024 kjem Miljødirektoratet med anbefalingar for bestandsforvaltninga for Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke. Dette med bakgrunn i at det framleis er stor usikkerheit når det gjeld førekomst av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda og omkringliggande villreinområde. «Vi oppfordrer derfor til at bestandsforvaltningen i disse områdene forsetter å følge føringene med å redusere/ha lav bukkeandel og generelt ha reduserte bestandsstørrelser sammenlignet med en normalsituasjon.»

Dette er «særlig viktig i de nordlige områdene hvor det årvisst er dyr som benytter områder innenfor Hardangervidda. Dette anses som viktig fordi voksne bukker er høy-risiko dyr med tanke på smitte, og bukker representerer en større risiko for kryssing til og fra Hardangervidda.»....

«Med lav bukkeandel kan den lokale forvaltningen ta utgangspunkt i at voksen bukk (2,5+) ikke bør overstige 10 % av bestandssammensetningen».

Direktoratet understrekar at det er viktig å få tatt så mange CWD prøvar som mogleg av villrein som er eit år og eldre.

To alternative forslag til kvote

Villreinlaget har utarbeida to ulike forslag til avskytningsplan. Det første forslaget er utarbeida av Kurt Jerstad i tett samarbeid med styret. Det var intern ueinigheit i styret, men fleirtal for dette forslaget.

Etter dette tok villreinnemnda ved arbeidsutvalet initiativ til eit dialogmøte (2.april). Her blei det signalisert at ein på ny burde vurdere kvote i forhold til CWD-situasjonen. På bakgrunn av dette utarbeida styret i villreinlaget ein alternativ avskytningsplan.

Det er ei generell oppfatning at bestanden er betydeleg lågare enn tidlegare antatt, særleg i sørområdet. Med bakgrunn i siste års teljingar legg ein til grunn at det er om lag 1600 dyr. Ut frå strukturtellingar i haust har me nå om lag 15 % vaksen bukk i bestanden.

Andre hovudpunkt lagt til grunn for kvoteforslag

- *Det ble dokumentert 288 kalver ved kalvetellingen i 2023 (363 i 2022), mens den antatte produksjonen var ca 350 kalver.*
- *Avskytingen var 251 dyr. Dette tilsvarer 72% av fellingsmålet (80% i 2022).*
- *Vi kan forvente en produksjon på ca 400 kalver i 2024.*
- *Det er i dagens situasjon et mål å øke bestanden.*

Alternativ 1: Minsteareal blir satt til 4,0 km² i nordområdet (sone nord), mens det ikke tildelast dyr i sør (sone sør). Samla fellingsmål reduserast frå 350 i fjor til 75 i år. Dette gir ein samla kvote på om lag 493 dyr. Kortfordeling settast til 40% frie dyr, 20 % simle og 40 % kalv.

Alternativ 2: Minsteareal og kortfordeling for nordområdet som i alternativ 1. I sørområdet blir minsteareal satt til 40 km². Dette gir om lag 80 kort som alle skal vere reine bukkekort. Samla kvote blir om lag 587 kort.

Til samanlikning var minstearealet i 2023 på 3,0 km² i nordområdet og 4,5 km² i sørområdet. Dette gav ein samla kvote på 1575 kort. Under jakta blei det totalt felt 251 dyr.

Uttalar

Saka har ikkje vore til høyring men nemnda har mottatt eit innspel frå Åmli og Berg grunneigarlag (valdet «Valle SR38») som er del av sørområdet. Grunneigarlaget ønsker ikkje å frede sitt område totalt og meiner det er «*viktig at vi grunneiere ferdes i område både for forvaltning av området og for å opprettholde interessen for jakt*». Det blir foreslått å redusere kvota med 25% i forhold til i 2023, lik reduksjonen i nord.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde.

Framlegg til vedtak baserer seg på data frå teljingar, observasjonar og erfaringar med villrein og villreinjakt i området over fleire år. Sekretariatet vurderer at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter (§ 8). Med bakgrunn i dette blir det lagt mindre vekt på føre var-prinsippet (§ 9).

Samstundes må det understrekast at kvaliteten på datamaterialet ein har over bestandsstorleik og struktur kan variera. Teljingar gir ein god ledetråd, men er normalt ikkje ein fasit. Tilfeldig innvandring/utvandring og hendingar vil også bidra til dette. Det same gjer ulik fellingssuksess frå år til år. Berekning av fellingskvotar er med andre ord ingen eksakt vitenskap.

I forhold til samla belastning (§ 10) blir kvota vurdert i forhold til ein langsiktig forvaltningspraksis vedtatt i gjeldande bestandsplan. Som omtalt er ikkje tildeling av kvoter noko millimeter kunnskap. Det er derfor viktig å sjå på utviklinga over fleire år. Det er og sentralt å sjå saka i forhold til CWD-situasjonen.

§ 11-12 i naturmangfaldlova er vurdert som mindre relevante i saka.

Bestand og forslag til kvote

Bestandsanslaget er betydeleg lågare i år enn i fjor, spesielt i sør. Å vite nøyaktig kor mange dyr det er i villreinområdet er vanskeleg, men det synes å vere semje om at ein vinterbestand på 1600 dyr er nær verkelegheita.

Bestanden er langt under målet frå førre bestandsplan (2019-2023) som var på 4000 dyr, eit mål som var satt før det blei påvist skrantesjuka på Hardangervidda. Dersom ein skulle forvalte etter dette målet var det ingen tvil om at tida no er overmoden for stor og rask vekst i bestanden, både i nord og sør. Diverre er me ikkje der. Bestandsmål i ny bestandsplan tek høgde for dette.

Skrantesjuka er ein sær stor trussel for norsk villrein og hjorteviltforvaltning og me veit at vårt nabo område i nord har fått påvist sjukdommen. Me veit og at det er utveksling av dyr mellom Setesdal Ryfylke og Hardangervidda, og at dyra i vårt område kan bevege seg over store område.

Miljødirektoratet kom i vinter med sterke anbefalingar i forhold til korleis Setesdal Ryfylke villreinområde skal forholde seg til trusselen og usikkerheitene knyt til CWD. Strategien er å ha ein låg bukkeandel og generelt ha redusert bestandstorleik samanlikna med ein normalsituasjon. Til det siste har me i dag ein bestand godt under «normalen», og det er slik sekretariatet ser det grunnlag for ein forsiktig vekst, særleg da i sør. Når det gjeld bukkesegmentet er det med bakgrunn i CWD-situasjonen viktig å ha ein relativt høg felling. I dag har me om lag 15 % vaksen bukk i bestanden, mens Miljødirektoratet oppmodar til å ha under 10 %.

Argumentet for redning i sørområdet kan summerast til at det det no er få dyr, samt usikkerheit omkring bestandstorleik. Ein må derfor ta ein fot i bakken, ha jaktfreding for så å få betre talmateriale som støtter opp om jaktuttak.

Mot dette blir det vist til at kalveteljinga frå 2022 er minimumstal. Bestanden toler noko jaktuttak og det er allereie i dag for høg bukkeandel sett i forhold til CWD-situasjonen. Denne vil auke raskt utan jakt.

Sekretariatet rår til å følgje Miljødirektoratet sine anbefalingar. Med bakgrunn i desse bør ein redusere bukkeandelen både i nord og sørområdet, samt at ein då får overvake heile bestanden i Setesdal Ryfylke i forhold til CWD.

Når dette skrivast er saka ikkje behandla av årsmøte i villreinlaget. Dette skjer dagen før villreinnemnda skal gjere sitt vedtak. Korleis behandlingen blei i årsmøte vil bli lagt fram munnleg for villreinnemnda. Dette må bli teke med i nemnda si endelege behandling.

Korttypen «Bukk» og jakttid i sør

I staden for korttypen «Valfriddt dyr» blir det foreslått «Bukk» i sørområdet. Dette gjer uttaket meir målretta. Jamfør § 29 i hjorteviltforskrifta er ikkje dette ein kategori nemnda kan vedta. Det må derfor søkast om dispensasjon frå forskrifta for å få dette realisert. Dette er tidlegare gjennomført på Hardangervidda og sekretariatet reknar dette for å vere ein formalitet med bakgrunn i CWD-situasjonen.

Så lenge det berre skal felles bukk i sørområdet oppfordrar villreinlaget til at jakta her avsluttast 15.september. Sekretariatet støtter dette. Nemnda har ikkje noko heimel for å kunne krevje dette, men kan oppfordra til det.

Forventning om CWD-prøvar

Det er eit stort fokus på skrantesjuka. Det er sær viktig at ein no tek så mykje CWD-prøvar som mogleg. I tabellen under viser talet på helseprøvar samanlikna med det potensielle

(ønskjelege) talet på prøvar som er felte på dyr 1 år og eldre. Her går det fram at Setesdal Ryfylke har auka talet på prøvar sidan 2020, men med ein dupp sist haust. Det kan vere feilkjelder i dette talmaterialet, men det indikerer at det er eit stykke til målet på 100 %. Ein må intensivera innsatsen for at fleire prøvar blir tatt.

	2020	2021	2022	2023
Setesdal Ryfylke	48 % (102 av 212)	78 % (218 av 278)	82 % (212 av 258)	75 % (147 av 197)
Setesdal Austhei	48 % (29 av 60)	63 % (85 av 134)	74 % (123 av 167)	68 % (111 av 163)
Våmur Roan	50 % (11 av 22)	71 % (20 av 28)	29 % (6 av 21)	100 % (6 av 6)

Talet på helseprøvar frå jakt sett i forhold til felte dyr 1 år og eldre (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Forventning om veging av kalv

Eit av kriteria i klassifiseringa i kvalitetsnorm for villrein er kalvevekt. Det er derfor viktig at kalv blir vegne og at dette blir rapportert. I følgje Hjorteviltregisteret var det ein nedgang i rapportert felte kalv i Setesdal Ryfylke i 2023 frå året før. Og det er langt frå 100 % som bør vere målet.

	2021	2022	2023
Setesdal Ryfylke	58 % (66 av 114)	79 % (82 av 104)	66 % (36 av 54)
Setesdal Austhei	44 % (21 av 48)	71 % (51 av 72)	65 % (36 av 55)
Våmur Roan	85 % (11 av 13)	95 % (19 av 20)	100 % (3 av 3)

Talet på kalv som er vegne og rapportert sett i forhold til felt kalv (kjelde: Hjorteviltregisteret)

Nemnda har ikkje noko heimele for å kunne krevje at CWD-prøve blir teke eller at kalvar blir vegne. Ein kan likevel oppfordra villreinlag og valdansvarleg om å gjere tiltak. Informasjon (og krav) til jegeren er her eit nøkkelpunkt.

23.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 021/24 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 4.0 km² i nordområdet og 40.0 km² i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 587 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	0%	40 %	0	20 %	40 %
Sør	100%	0%	0%	0%	0%

Nemnda legg til grunn at det må om søkast om dispensasjon frå § 29 i hjorteviltforskrifta, og at det blir gitt løyve, til å fordele kort på kategorien «Bukk» i staden for «Valfritt dyr».

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøvar av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Nemnda vil og oppmoda til å avslutte jakta i sørområdet 15.september.

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Fredning, foreslått av Ivar Harry Dahl.

Foreslår at alle dyr fredes sør for Blåsjø i 3 år fremover. Da vil det kanskje bli flere dyr i dette området

Endring i forslag frå sekretariatet (endring av minsteareal i nordområdet), foreslått av Jarle Lunde.

Første avsnitt i opprinneleg forslag endrast:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og 40.0 km² i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 430 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

Forslag til vedtak der tilråding frå årsmøte i Setesdal Ryfylke villreinlag er implementert., foreslått av Jarle Lunde.

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og fredning i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 328 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	0%	40 %	0	20 %	40 %
Sør	0%	0%	0%	0%	0%

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøver av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

I første del av møte blei det gitt ein presentasjon av villreinlaget si tilråding av kvote, samt laget sin årsmøtevedtak. Årsmøte vedtok å auke minsteareal i nordområdet frå 4 til 6 6.0 km². samt å fredning i sør.

Ivar Harry Dahl trakk sitt forslag til vedtak.

Det blei stemt over to forslag til vedtak, 1) sekretariatet sitt reviderte forslag, og 2) forslag til vedtak der tilråding frå årsmøte i Setesdal Ryfylke villreinlag er implementert.

Røysting:

6 stemmer til sekretariatet sitt reviderte forslag

9 stemmer til forslag der årsmøtevedtak i Setesdal Ryfylke villreinlag er implementert

VRN - 015/24 Vedtak:

I tråd med hjorteviltforskrifta § 28 fastset villreinnemnda eit minsteareal på 6.0 km² i nordområdet og fredning i sør. Dette gir ei samla kvote på om lag 328 dyr for sesongen 2024 i Setesdal Ryfylke villreinområde. Fordeling av kort er som følgje:

	Bukk	Frie dyr	Simle/ungdyr	Simle	Kalv
Nord	0%	40 %	0	20 %	40 %
Sør	0%	0%	0%	0%	0%

Villreinnemnda vil sterkt oppmoda villreinlag og valdansvarleg om å gjennomføre tiltak som kan auka

- talet på CWD-prøver av felte vaksne villrein
- talet på vegne kalvar som blir rapportert til Hjorteviltregisteret eller i appen Sett og skutt.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	24/486

Saksnr	Utval	Type	Dato
022/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	23.04.2024
016/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Godkjenning av fellingskvote i 2024, Våmur-Roan villreinområde

Forslag til vedtak

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Kalv	SUM
2024	0 stk	0 stk	0 stk	0

Sand, 03.05.2024

Vedlegg: Årsmelding for 2023

Saksopplysningar

Jamfør § 28 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt er det villreinnemnda som vedtek årlig fellingskvote for kvart villreinområde innan 1. mai. Gjeldane bestandsplan, samt oppdatert kunnskap om villreinen i området, skal leggest til grunn. Våmur-Roan villreinlag har lagt fram ei tilråding til kvote i "Årsmelding for 2023".

Bestandsplan

Bestandsplanen for 2021-2025 blei vedteke hausten 2020. Hovudmålet er å *Halde ein stabil vinterbestand på ca 200 dyr. Bestanden skal ha ein god struktur og kondisjon og skal i perioden oppnå god tilstand under delnorma «Bestandsforhold» etter kvalitetsnorm for villrein.*

Bestandstorleik og bestandsstruktur

Med bakgrunn i teljing, seinare observasjonar og uttak var bestanden i 2021 estimert til 175 dyr. Anslaget på vinterstamma i 2022 var uendra. Etter jakta i 2022 fekk styret tilbakemeldingar om at villreinstamma kanskje var for låg i forhold til bestandsmålet. Etter ei minimumsteljing i januar 2023 med gode forhold, er vurderinga at stamma er på minimum 80 dyr. Data frå teljinga tilseier at ein er nær målsetjinga om struktur i villreinstamma. Målet er 20% kalv, 45% simler, 20% bukk 1,5-2,5 år og minst 15% bukk eldre enn 3,5 år etter jakt.

Fellingsstatistikk

I perioden 2018 -2022 er det gitt fellingsløyve på 55 dyr. Av desse er det blitt felt mellom 33 og 42 dyr (fellingsprosent på mellom 60 og 76). Med bakgrunn i nye tellingar blei fellingskvota redusert til 19 dyr i 2023. Det blei felt 9 villrein.

Tilråding frå villreinlaget

Villreinlaget har ikkje fått til noko teljing vinteren 2024. Styret legg difor til grunn av vinterstamma framleis er på under 100 dyr. Dette er langt under bestandsmålet. Sidan stamma 2 år på rad ser ut til å vere så langt under bestandsplanmålet rår styret til at det ikkje blir skote villrein i Våmur Roan i 2024.

	Vaksen bukk	Simle/ungdyr	Kalv	SUM
2024	0 stk	0 stk	0 stk	0
	00 %	0 %	0 %	0

Vurdering

I perioden 2018 til 2022 har villreinstamma vore vurdert å vere noko under bestandsmålet på 200 vinterdyr. Kvota har vore 55 dyr. Dette har tilsynelatande fungert bra, fram til hausten 2022. Nye estimat basert på minimumsteljinga frå januar 2023, samt observasjonar frå siste jaktperiode, viser at villreinstamma ser ut til å vere langt under bestandsmål. Villreinlaget foreslår derfor at det ikkje blir jakta villrein i Våmur Roan i 2024. Sekretariatet støtter opp om dette. Ein treng no å få fram bestandsdata som svarar ut om det er grunnlag for jakt. Med bakgrunn i villreinområdets geografi sett i forhold til Hardangervidda, meiner sekretariatet at ei freding no, men bakgrunn i dei bestandsdata me har, ikkje er i større konflikt med cwd-situasjonen.

23.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 022/24 Vedtak:

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Kalv	SUM
2024	0 stk	0 stk	0 stk	0

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

I første del av møte blei det gitt ein presentasjon av villreinlaget sitt forslag til kvote.

Røysting

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN - 016/24 Vedtak:

I tråd med § 28 i hjorteviltforskrifta gjer villreinnemnda følgjande kvotevedtak for Våmur – Roan villreinområde:

	Frie dyr	Simle/ungdyr	Kalv	SUM
2024	0 stk	0 stk	0 stk	0

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	24/508

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/24	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	PS	24.04.2024

Eventuelt

Sand, 03.05.2024

24.04.2024 Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Handsaming:

Til orientering, foreslått av Roger Thorsland,

<https://blog.telemarkrkh.no/?p=957>

1. Roger Thorsland viste til artikkelen "Kva – om hjelpa kjem for seint?" (<https://blog.telemarkrkh.no/?p=957>)

2. Møtegodtgjering

Det var semje om 6 timar for møte + 2 timar for møteførebuing

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:
<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>

Det blir oppfordra til å sende inn honorarkrav i etterkant av kvart møte. Da får du betalinga raskare og den som skal halde oversikt over utgiftene får ei enklare oppgåve. Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

Satser utvalg	2023	2024
Leder	685,00	721,00
Medlem	518,00	545,00
Møteforberedelser leder	518,00	545,00

VRN - 017/24 Vedtak:

1. Saka blir teke til orientering
2. Møtegodtgjering
6 timar for møte + 2 timar for møteførebuing